



## ORGANISASJONSUTVIKLING: STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS

### BAKGRUNN

Litteraturhuset i Odda spring direkte ut ifrå Litteratursymposiet i Odda, den årlege festivalen i oktober. Litteratursymposiet i Odda har stabilisert seg som ein av Noregs mest særigna litteraturfestivalar, eit regionalt kraftsenter og knutepunkt for kultur og litteratur. Arrangementet er viktig i omdømmebygging og utviklinga av det moderne Odda.

Det er mye som tyder på at symposiet har nådd ei grense for veksten, med dei økonomiske rammene som er gitt, personalressursar og overnattingskapasitet. Vekst-ambisjonane er der like fullt, og ein naturleg konsekvens er å utvide aktiviteten utanom dei 5 dagane symposiet varer, gjennom månadlege litterære arrangement i Sentralbadet Litteraturhus, og å nytta den etablerte festivalen som motor i vidare utvikling av området rundt Smelteverksporten/ Lindeplassen. Dette har vore ambisjonen heilt sidan Litteraturhuset vart etablert.

Den litterære satsinga i Odda er no så ambisiøs og så omfattande at det er for stort arbeid for ein person i ei 50 % stilling, slik det er i dag. Nøkkelpersonar i den kommunale leiinga har slutta, organisasjonen endrar seg. Festivalleiar for Litteratursymposiet er no styreleiar og i praksis dagleg leiar for stiftelsen Sentralbadet litteraturhus, i stor grad på dugnad, i lag med eit dedikert venelag.

**Huset vert drifta på dugnad, men har no kome dit at det må ha leing. Vi treng hjelp til å løfte dette over kneiken.**

### ARBEID PÅGÅR

I 2016 gjekk styret for Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus inn for eit løft for styrt utvikling. Vi prioriterte arrangement og søknadsarbeid og fekk inn 900 000 til vidare byggjearbeid (HFK), 250 000 til mindre investeringar i bygget ( Norsk kulturråd, Odda kommune sitt næringsfond, Sparebankstiftinga Hardanger), 100 000 til arrangementsrekke (Fritt ord) og 100 000 i gåve som frie midlar frå Sparebanken Vest sitt hjartebankfond.

Vi hadde høg aktivitet gjennom året: kafé og bokhandel kvar laurdag gjennom store delar av hausten, kafé og bar under Litteratursymposiet, arrangerte eigne litterære arrangement og leigde ut huset oftare enn tidgare år. Eigeninntektene var monaleg høgare enn tidlegare, og vi har vist at vi kan tene pengar i Stiftelsen.

**No står vi ved eit vegskille, der det er behov for å løfte arbeidet opp eit nivå.**

Det er tre behov som er prekære:

- Få å plass dagleg leiar. Organisere vertskap.
- Ressursar til søknadsarbeid
- Utvikla organisasjonen

Odda kommune gjer no ein økonomisk analyse av opplevingsøkonomiske meirverdiar, kultur som næring, og skal framover utrede korleis festivalen Litteratursymposiet i Odda skal driftast framover. Å gjere dette arbeidet parallelt vil gje gode meir-effektar.

Litteratursymposiet er ein festival som er nært knytt til staden. Oddas identitet er knytt til det det industrielle Odda, og i nyare tid: som ein stad i og for litteraturen. **Utfordringa ligg i å navigere i skjæringspunktet mellom rolla som lokalsamfunnsutviklar og som ein profesjonell litteraturfestival med nasjonalt kunstnariske ambisjonar.**

Sjølv om festivalen er kommunal og litteraturhuset ei stifting, er desse institusjonane tett

STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS

[www.sentralbadet.com](http://www.sentralbadet.com)

[sentralbadetlitteraturhus@gmail.com](mailto:sentralbadetlitteraturhus@gmail.com)



vovne saman; ein forvaltar det litterære Odda i lag. Det må etablerast ein form for samarbeid om strategisk utvikling av Odda med kommunen. Ein moglegheit er t.d. å dele kunstnarisk rådgjevar med Litteratursymposiet (Norsk Kulturrådet på gjestekurator-ordninga). Ein velfungerande litteraturhus-organisasjon vil i større grad både kunne forsterke litteratursymposiet som organisasjon, og bidra inn i andre stedsutviklingsprosjekt, på vegne av Odda kommune. (Moglege prosjekt: Litterært program, utvikling av Lindeplassen, andre festivalar, Møteplass Odda, Kulturelle skulesekk, Røde busser..)

Løftet for litteratursatsinga i Odda handlar om kultur, næring og stadutvikling, om bedriftsutvikling, kulturarbeidsplassar, identitet og samfunnsbyggjing.

### **Mål for drifta:**

Vi ser på sikt føre oss ein driftsmodell av Sentralbadet litteraturhus med offentlige og private tilskot til drifta, prosjektarbeid samt eigeninntekter. Huset er meint å vere ein nonprofit organisasjon, der alt overskot vil gå tilbake til drifta og utvikling av huset.

Stiftelsen har vide formål:

*«Stiftelsens formål er å formidle og stimulere til interesse for litteratur, lesing og offentlig ordskiye gjennom å etablere, eie og drive et litteraturhus i Odda.*

*Stiftelsen skal gjennom aktiviteter i Sentralbadet litteraturhus, som Litteratursymposium, seminar, debatter, opplesningskvelder, konserter, utstillinger, skrivekurs, skolebesøk, leirskole og lignende, inspirere til økt interesse for norsk og utenlandsk skjønn- og faglitteratur.*

*Stiftelsen skal gjennom litteraturhuset skape en møteplass som skal fremme interesse for litteratur og ordskiye, lokal industrihistorie, samt være en arena for alle kultur- og kunstuttrykk. Stiftelsen skal arbeide for å styrke lokalt samarbeid omkring aktiviteter knyttet til litteratur, kultur og industrihistorie, og være et senter for kompetansedeling og kompetanseheving i Odda.»*

Det bør vurderast å oppretta ein kommersiell avdeling med bokutsal og kafé, utleige til møte, undervisning, konferanse/seminar og anna arrangementsutleige, med og utan vertskap Litteratursymposiet kan kjøpe festivalkoordinator tenester av Stiftelsen / selskapet, og vi er i dialog med lokale aktørar om faste avtaler om utleige og opne arrangement. LO, SMB, Odda kommune, Human Etisk forbund, Næringshagen, reiselivet, Hardanger Folkeblad m.fl.

***Det er det førebuande arbeidet vi no søker om tilskot til. Ikkje til å løne dagleg leiar og utvikle driftsrutinar, men arbeidstid til å jobbe med å løfte organisasjonen. Vi må knyte til oss ressurspersonar som har erfaring med liknande arbeid, utarbeide modeller og samarbeidsavtalar, avklare roller i fellesskap med kommunen. Det er òg behov for å kjøpe rådgjevingstenester frå etablererveiledere, juristar, revisor og rekneskapsfolk. Dette er eit løft vi ikkje har råd til, eller kan, utføre på dugnad.***